

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.3.21

Stad: Fjordsenteret

### Sak 8/21. Kortprisar for fiske med stong, oter og garn i Aurland statsallmenning

#### Saksopplysning/vurdering

Sist det vart gjort endringar i fiskekortprisane var før sesongen i 2017. Aurland Fiskeadministrasjon har hatt årsmøte, og kome med nye fiskekortprisar. Desse er og meint å gjelda sone 1 på fiskesonekartet, - Aurland statsallmenning - sjølv om fjellova (§ 29) slær fast at det er fjellstyret som fastset prisane i allmenningen - fjellstyret har ikkje høve til å delegera dette. For å få vedtaket gjort formelt rett, må fjellstyret difor handsama prisane som ligg i forslaget frå fiskeadministrasjonen. Prisane som Aurland fiskeadministrasjon har fastsett for Aurlandskortet (alle sonene) treng ikkje noka vidare handsaming i fjellstyret, slik eg ser det. Prisendring på stongfiskekortet får konsekvensar for garnkortprisane til fjellstyret, sidan sesongkortprisen for stongfiske er med og dannar grunnlaget for garnkortprisen.

Fjellstyret må halda seg til dei prisråmene som vert fastlagde i «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.» Dei maksprisane som ligg i forskriftsforslaget som nett har vore ute på høyring, er desse: dagskort kr 110, vekekort kr 390, sesongkort kr 790. Ingen av prisforslaga nedanfor overstig desse maksprisane. Fjellstyrevedtak om prisar må sendast Miljødirektoratet, i følgje fjellova.

Fjellstyret har høve til å fastsetja ulik pris for innan- og utanbygdsbuande for garnfiske, ikkje for stongfiske. Eg vil føreslå at det ikkje vert sett ulik pris – dei vatna som er opna for garnfiske for utanbygdsbuande treng eit visst garnfiske, og dei vert lite nytta av innanbygdsbuande. Då er det kanskje ikkje lurt å gjera garnfisket for dyrt.

Her er forslaget til kortprisar for sportsfiske frå Aurland fiskeadministrasjon sitt årsmøte:

Korttype	Kortsal innan sona	Aurlandskortet
Dagskort	60,- forslag ny pris 75,-	100,- Ny pris 125,-
3 dagar	140,- forslag ny pris 180,-	200,- Ny pris 250,-
1 veke	200,- forslag ny pris 260,-	300,- Ny pris 375,-
Sesong	300,- forslag ny pris 380,-	500,- Ny pris 600,-

Garnfiskekortet for statsallmenningen omfattar og stong og oterfiske. Tidlegare prisar og forslag til nye:

Sesongkort 1 garn	350,- Forslag ny pris 430,-
Sesongkort 2 garn	380,- Forslag ny pris 460,-
Sesongkort 3 garn	410,- Forslag ny pris 490,-
Sesongkort 4 garn	440,- Forslag ny pris 520,-
Sesongkort 5 garn	470,- Forslag ny pris 550,-

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.3.21

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 8/21, side 2.*

Prinsippet for fjellstyret si prisfastsetjing for garnfiskekortet har vore slik:  
Sesongkortprisen for stongfiske i sona + kr. 50 for første garn + kr. 30 per garn opp til maks 5 garn. Her kan fjellstyret vurdere om denne modellen skal vidareførast, eller om det skal gjerast justeringar.

Fjellstyret tilbyr og ein pakke som inkluderer "Aurlandskortet" (stongfiske i alle sonene) og garnfiske i statsallmenningen. Denne må og aukast, i takt med at prisen for Aurlandskortet er auka. Då vert nye prisar følgjande (alle opp 100 kr i høve til tidlegare):

Aurlandskort sesong + 1 garn:	650,-
« « + 2 garn:	680,-
« « + 3 garn:	710,-
« « + 4 garn:	740,-
« « + 5 garn:	770,-

### Korttidskort for garnfiske:

I sak 19/18 innførde fjellstyret eit døgnkort for garnfiske, med tanke på utanbygds fiskarar som er i området nokre få dagar. Det vart vedteke at innanbygdsbuande skulle få det same tilbodet. Opplegget var at under føresetnad av at fiskaren har løyst sportsfiskekortet for den perioden han/ho skal fiska, vert det betalt eit tillegg på kr 30 per garn/natt. Tilbodet inkluderer lån av fjellstyret sine garn. Utlån av garn til utanbygds fiskarar er teke inn i fiskereglane for statsallmenningen (§ 10). Eg vil føreslå at dette tillegget for å utvida stongfiskekortet til og å omfatta fiske med garn no vert auka frå 30 til 40 kroner per garn/natt.

### **Framlegg til vedtak:**

For Aurland statsallmenning vedtek fjellstyret dei prisane for stong-, oter- og garnfiske som ligg i saksutgreiinga ovanfor. Prisane vert sette like for innan- og utanbygdsbuande, grunnjeve med at utanbygds fiskarar har eit avgrensa utval av vatn å fiska med garn i, i høve til innanbygdsbuande.

Fjellstyrekontoret, den 9.3.21

Harald Skjerdal